



# KARANTENENEMNDA

---

Gunhild Berge Stang

Vår dato	Din dato	Vår referanse
12. oktober 2021	7. oktober 2021	2021/3

## **Avgjerd i samband med overgang til verv som styremedlem i Musea i Sogn og Fjordane**

Vi viser til di melding til Karantenenemnda mottatt 7. oktober 2021.

Sekretariatet for Karantenenemnda har med fullmakt bestemt at du ikkje skal ha karantene eller saksforbud for overgangen frå embetet som statssekretær i Kulturdepartementet til verv som styremedlem i Musea i Sogn og Fjordane.

Karantenenemnda kan gje pålegg om at ein politiskar eller tidlegare politiskar i eit departement vert ilagt karantene eller saksforbud etter fråtrede frå den politiske stillinga eller embetet, sjå karantnelova §§ 6 og 7. Sekretariatet for nemnda kan med fullmakt avgjere saker der overgangen til ny stilling eller verv er uproblematisk, sjå forskrifta til karantnelova § 8 tredje ledd.

Du har vore statssekretær i Kulturdepartementet frå 1. mai 2020 til 1. april 2021. I departementet har du hatt ansvar for kultur, media, kulturminne, museum, likestilling, idrett, språk og litteratur. Du skal starte som styremedlem i Musea i Sogn og Fjordane. Fordi det er over seks månader sidan du fråtrjedde som statssekretær er overgangen uproblematisk.

### **Rett til innsyn**

Etter forvaltningslova § 18 jf. § 19 har du rett til å sjå dokumenta i saka.

### **Informasjonsplikt**

Avgjerda i denne saka gjeld den konkrete overgangen som er behandla. Dersom du innan eitt år går til ei ny stilling eller eit nytt verv må du melde inn dette til nemnda for vurdering.

Med helsing

Reidun Slåen (e.f.)

Henrik Rydland Akslen

*Vedtaket frå Karantenenemnda er godkjent elektronisk og inneheld ikkje signatur.*

Kopi:

Statsministerens kontor

Kulturdepartementet

Musea i Sogn og Fjordane